
2020/78145-1
Saksnr: Ruth Ørnholt, Sigrid
Saksbehandlar: Furnes, Anja A. Mjelde, Siv
Hatlem

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

Tilskotsordningar og retningslinjer bibliotekutvikling 2021

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Bibliotekprosjekt» lyser ut dei vedtekne tilskota på til saman 1 350 000 til utvikling av kommunale bibliotektenester i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til mobile bibliotektilbod

Samandrag

Fylkesdirektør rår til at det på bibliotekfeltet blir etablert og lyst ut tre tilskotsordningar for prosjekt og tiltak som har til overordna føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket. Moglegheita til å gjennomføre eit breitt spekter av tiltak vil kunne bidra til at innbyggjarane i kvar einskilt kommune får eit betre bibliotektilbod.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Anne Haugen Pihl
konst. seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:

1. Retningslinjer og innretning: Tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale
2. Retningslinjer og innretning: Tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka
3. Retningslinjer og innretning: Tilskot til mobile bibliotektilbod

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med sak om bokbåtdrift i Vestland fylket, vedtok fylkestinget i juni 2020 (PS 50/2020) følgjande:

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåttenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak. Fylkestinget understrekar at ei slik ordning både skal kunna gje tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og til tiltak som kan fungera som mobile kulturhus/møteplassar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale og kommunale kulturprosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

I budsjettet for 2021 er det sett av midlar til tre tilskotsordningar:

1. Fornyng av biblioteklokale kr 600 000.
2. Interkommunale og kommunale prosjekt kr 250 000
3. Tilskot til mobile kulturhus/møteplassar kr 500 000

Kriteria for ordningane og tildelingar skal handsamast i Hovudutval for Kultur, idrett og integrering.

Under er skissert føremål, bakgrunn og søknadssum for oppretting av tre nye tilskotsordningar på bibliotekfeltet. Detaljerte retningslinjer og innretning for kvar ordning er vedlagt saka.

1. Tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale

Føremålet med ordninga er å stimulere folkebiblioteka i Vestland til å fornye biblioteklokale for og drive aktiv formidling, vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

Bakgrunnen er behovet for å utvikle folkebiblioteka som relevante kulturarenaer, læringsarenaer og møteplassar, jf. §1 i folkebiblioteklova. Biblioteklokalet skal vere ein open, inkluderande og tilgjengeleg stad for rekreasjon, debatt, opplysning og kunnskap. For å oppfylle samfunnsoppdraget har mange bibliotek behov for nye eller renoverte lokale som sikrar eit velfungerande samspel mellom rom og funksjon. Det kan resultere i fleire aktivitetar tilpassa innbyggjarane sine behov lokalt, utprøving av meiroopne bibliotek, nye formidlingsmetodar og samarbeidsformer.

Fylkeskommunen vil i tillegg til løyving gjennom ordninga bidra med kompetanse og gi hjelp med gjennomføring av prosjekt, bl.a. hjelp med val av interiørarkitekt, deltaking i prosjektgruppe, aktualisering av samlingar og liknande.

Tilskotsordninga byggjer på det tidlegare modellbibliotekprogrammet i Hordaland, som sidan 2014 har gitt støtte til 21 kommunar. 16 av kommunane har til no fått nye eller ombygde hovudbibliotek eller filialar. 11 av desse biblioteka er meiroopne, dvs. at brukarane har tilgang til biblioteket utanom betent opningstid.

Maksimal søknadssum er kr 150 000. Kommunen må garantere for eigendel minimum tilsvarande søknadssum.

2. Tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka

Føremålet er å styrke biblioteket som møteplass og arena for formidling, inkludering, læring og debatt. Ordninga kan gi tilskot til tradisjonelle bibliotektenester og gi høve til å prøve ut nyskapande prosjekt og tiltak. Det kan og søkjast om støtte til kompetanseheving gjennom ordninga.

Å delta i prosjekt er ein viktig måte å skape endring, utvikling og kompetanseheving i biblioteka. Ei undersøking til bibliotekleiarane i fylket frå april 2020 viser at 85 % av biblioteka har delteke i

prosjekt dei siste 3 åra. Dei aller fleste opplever prosjektdeltaking som nyttig, berre 13 % meiner det berre har noko nytte. 92% ønskjer hjelp frå fylkeskommunen til finansiering av prosjekt, men mange ønskjer også hjelp til idéutvikling, å finne samarbeidspartar, søknadsskriving og rådgjeving undervegs i prosjektet.

Fylkeskommunen ønskjer å gi folkebiblioteka høve til å eksperimentere og prøve ut nye idear gjennom kreative utviklingsprosjekt og til å delta i kompetanseheevande tiltak. Fylkeskommunen kan bidra med hjelp til å utvikle prosjekta og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.

Tiltak vert støtta med inntil kr. 30 000. Det er ikkje krav om kommunal eigenandel.

3. Tilskot til mobile kulturhus og mobile møteplassar

Føremålet er å støtte investering i mobile einingar for å gi innbyggjarar med lang veg til næraste bibliotek, tilbod om kunnskap, litteratur og kulturopplevingar.

Til grunn for ordninga ligg behovet for å utvikle folkebiblioteka som relevante kulturarenaer, læringsarenaer og møteplassar. Undersøkingar viser at avstand, for liten tid og mangelfullt offentleg transporttilbod er årsak til at ein ikkje nyttar folkebiblioteket. I kommunar med spreidd busetnad, kan eit mobilt bibliotektilbod vere svar på slike utfordringar. I tettbygde strok kan eit slikt tilbod gi auka tilgang og merksemd til bibliotektenesta i kommunen. Eit mobilt bibliotek er svært fleksibelt og kan endre driftsform og -område i tråd med endringar i busetnad og behov for ulike formidlingstilbod. Mobile bibliotektenester kan vere eit godt supplement til stasjonære folkebibliotek og skulebibliotek.

Den største brukargruppa av mobile bibliotek er barn og unge. Nyare forskning viser at barn treng tilgang til fysiske tekstar for å bli gode lesarar, og dei minste skulane har ofte ikkje eit godt nok tilbod av ny og aktuell barne- og ungdomslitteratur. Eit mobilt bibliotek med ei god og oppdatert samling kan dekke behovet til mange skular. Heimebuande eldre og eldre på institusjonar kan ha nytte av ulike mobile bibliotektilbod.

Det er god erfaring i fylket med mobile bibliotek, t.d. bokbussane i Alver og i Kvinnherad. Tilbodet er eit viktig supplement til skulebiblioteka, dei har med seg kompetanse på formidling og stimulerer leseglede, noko som fører til høgt utlån. Mobile tilbod er også ein lærings- og kulturarena. Det blir arrangert forfattarmøte, ulike kunst- og kulturopplevingar og program med eit pedagogisk føremål.

Maksimal søknadssum er kr. 500 000. Søknaden må vere vedlagt kommunalt vedtak med budsjett for anskaffinga.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima

Folkehelse:

Tilgang til gode bibliotektenester medverkar til å redusere sosial ulikskap, kan påverke livskvaliteten hjå mange brukargrupper og bidra til inkludering og integrering. I Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle heiter det at kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaka støttar FN sine berekraftsmål innanfor ein sosial dimensjon. Ordningane støttar opp om utviklingsplanen for Vestland sitt mål om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Ein av strategiane er at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på

stadeigne ressursar og kvalitetar. Innretning på dei ulike ordningane er med på å oppfylle målsetjingar i regional plan for kultur i Hordaland 2015 - 2025 og regional plan for kultur Sogn og Fjordane 2019 - 2027. Tiltaka bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland.

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at det på bibliotekfeltet blir etablert og lyst ut tre tilskotsordningar for prosjekt og tiltak som har til overordna føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket. Moglegheita til å gjennomføre eit bredt spekter av tiltak vil kunne kome bidra til at innbyggjarane i kvar einskilt kommune får eit betre bibliotektilbod.